

**SOGN CYKLEKLUBB**

**Referat:** Styremøte  
**Tid og stad:** Måndag 28.4.14 kl 17:00 – 20:00 / Sogndal hotell  
**Tilstades:** Cathrine Stigen Bøen, Erik Sannebro, Reni Herland, Knut Kjærvik, Weronica Øvstetun  
Bjørn Birger Bremer, Jørgen Berg, Håkon Nesse, Geir Henning Høyheim (SPV)  
**Forfall:**  
**Referent:** Knut Kjærvik

Saksnr:	Sak:	Ansvar/frist:
14-04-28 / 1	<b>Innkalling til møte, og møtereferat frå førre styremøte vart godkjent.</b>	
14-04-28 / 2	<b>Sponsoravtale med Sparebanken Vest</b> Geir Henning Høyheim frå Sparebanken Vest (SPV) orienterte om avtalen.  Jotunheimen Rundt har forespurt SPV om støtte ifm. refleksvest til rittet. Geir Henning godkjente at SPV støtta klubben med inntil 6000,- kr til dette formål. Banken treng spesifikasjon av trykkostnader. Dette ordnar Håkon/Jørgen.  Jotunheimen Rundt ønskjer i tillegg oppblåsbar start-/målportal. Geir Henning undersøker dette og melder tilbake til Håkon. Geir Henning nemnte ogso at Sparebanken truleg kan stille med bil med SPV-logo til rittet.	Håkon Jørgen
14-04-28 / 3	<b>Jotunheimen Rundt og nye nettsider</b> Håkon og Jørgen informerte om arbeidet med Jotunheimen Rundt so langt. Framdrifta er god og ein har bra kontroll på alle førebuingar til rittet.  Rittleiing ser at ein med Jotunheimen Rundt konkurrerer med andre meir profesjonelle turridd, og ein må spørje seg om å adskille/profesjonalisere arrangementet meir for å få fleire deltakarar. Målet er 1000 deltakarar innan nokre år. Treng derfor å profilere rittet maksimalt. Jørgen er godt i gang med hyppige oppdateringar på facebook og rittet sine nettsider.  Rittet treng nye nettsider og har fått tilbod frå Mediabruket i Førde på 85 360,- utan moms. Styret meiner dette er for dyrt og ber om enten å justere ned ambisjonen for nettsida, eller prøve andre kanalar (f.eks IT-studentar som kan ta på seg eit slikt oppdrag).  Om prisen går ned betrakteleg kan kjøp av nye nettsider vurderast på nytt.	Knut (nettsider)
14-04-28 / 4	<b>Arvtakar ungdomstrening etter Kristian Tjønneland</b> Kristian gjennomfører trening i dag 28.4 og undersøker korleis interessa er for trening blant ungdommane i år. Om interessa er bra vil ein fortsette med ungdomstreninga. Dersom ikkje, blir det truleg avslutta.  Avventar beslutning på dette til ein har kartlagt interessa.	Weronica



14-04-28 / 5	<b>Parkering av klubbilen</b> Klubben har fått epost frå driftsleiar i Fjørevegen 20. om at parkeringsplassen klubbilen har benytta fram til i dag, ikkje lenger er tilgjengeleg. Plassen er disponert av Politiet i Sogndal og dei ynskjer å bruke plassen sjølv.  Bilen står no parkert hos Reni i Kyrkjebakken 12c.  Reni har sendt førespurnad til Sogndal kommune om parkeringsplass og avventar svar.	Reni
14-04-28 / 6	<b>Bergen-Voss og eventuelt andre ritt</b> Styret diskuterte felles transport og opplegg rundt dei mest populære ritta for syklistar i Sogn CK, deriblant Bergen-Voss og Jølster Rundt.  Styret vurderte det som mest hensiktsmessig at den enkelte medlem sjølv organiserer dette, og brukar facebook aktivt for å avtale med andre.	Knut
14-04-28 / 7	<b>YMSE</b>  <b>Støtte til Lærdal ifm. storbrannen</b> Det vart beslutta på årsmøtet 5. mars at klubben skulle støtte barneidretten i Lærdal med 10 000,- kr og at det nye styret vart gitt fullmakt til å finne god/gode mottakere.  Styret beslutta å løyve 10 000,- til Lærdal Idrettslag.	Reni
	<b>Informasjon om styremøte til medlemmane</b> Samandrag frå styremøte blir lagt ut på facebook og møtereferatet i sin heilskap blir lagt ut på klubben sine nettsider.	Knut
	<b>Neste styremøte</b> Måndag 2. juni kl 16:30 på salongen til Weronica.	